

Styringsgruppa for utbyggingar innan skule og helse hadde 1. møtet måndag 9. januar frå 0830 – 1100.

Til stades var: Oddvar Grøthe , Odd Holde , Kjell Erik Skølt , Gunn Berit Nergård , Borghild Moen og Odd Magne Anderdal . Ola Frogner var med som bistand og Ole Johnny Stavn var til stades som observatør.

Styringsgruppa brukte møtet på ein gjennomgang av mandatet , forstå det rett og legge opp arbeidet framover.

Styringsgruppa legg til grunn at vedtaket om sentralskule ligg fast. Dersom det er aktuelt med ei plassering på Trøym sør ved idrettsanlegget , så vil det vera ei splitting fyrst med småskulen som fyrste byggesteg , og ei samling av sentralskulen etter kvart. Me må derfor avklare arealbruken og moglegheiter på Trøym sør , med idrettsanlegg , skule , Idrettshall mm , fylkesveg og tilkomst. Vil ei skulebygging der endre vilkår for utvikling i Totteskogen og nedfarten.

Biblioteket si rolle i skulen , og kva trengs av spesialrom dersom ein ei tid har sentralskulen på 2 plassar er avklaringar som må gjerast.

Temaplanen frå 2011 og Asplan Viak si skisse legg opp til meir samlokalisering av tenester innan helse og omsorg og med skulen. Asplan Viak si skisse legg opp til at LA8 skal nyttas til ymse bustadar og parkering. Bruken av Kyrkjestugu og Helselagshuset vart og drøfta. Her vart det konkludert med at det er viktig med god dialog med styra for desse to husa framover dersom det skal vurderast anna bruk .

Styringsgruppa er veldig klar over kommunestyret sitt klare ynskje om å redusere bruken av dyrka mark mest mogleg. Arbeidet framover vil ta omsyn til det.

Styringsgruppa ser at det er eit vidt mandat med veldig mange avklaringar som skal gjerast. Det kan derfor vera nødvendig med stegvise avklaringar/vedtak i kommunestyret under vegs. Styringsgruppa legg opp til vedtak omkring kortsiktig og langsiktig utbetring/utbygging av Helsesenteret i kommunestyret 9. februar , og utvikling av sentralskulen ved HBU eller Trøym sør i møtet den 23. mars. Det vart bestemt dei 2 neste møta i Styringsgruppa. Det blir 19. januar kl. 1300 og 25. januar kl. 08.30. Det vert lagt opp til møter på maks 3 timar.

Du vert med dett innkalla til nytt møte i Styringsgruppa

Torsdag 19. januar kl. 13.00 på Skogshorn.

Saksliste er : Utviding/utbygging av Helsesenteret og vidare avklaringar areal Trøym sør.

Utbygging/utviding av Helsesenteret for å betre arbeidsforholda for legane og ambulanse treng ei rask avklaring. Dette er ei sak som kom opp i samband med budsjettet for 2016 og det er lagt inn løyving på 2,5 mill kroner no i 2017. Samlokalisering av tenestene må drøftast. Skal me legge opp til at legekontora , ambulanse, fysioterapi og psykisk helse blir samlokalisert under same tak? Er det plass til det med utviding av Helsesenteret eller skal det i såfall leggjast til ny tomt nærare Bygdaheimen? Skal me ha legekontora og ambulanse på noverande Helsesenteret og samlokalisere fysioterapi og psykisk helse i samband med skule og/eller Bygdaheimen og omsorgsbustadane.? Dette er 3 spørsmål me må prøve å avklare før kommunestyremøtet den 9. februar. Det meste heng saman med ein annan , og økonomi er viktige vurderingar som sjølvstendig må vera med. Skal me koma vidare må me våge å gjera vedtak undervegs før me har alle tenkelege scenario på bordet. Det som er rett på kort sikt , og ser rett ut på lang sikt er vegen å gå. Me maktar ikkje investere ein kvart milliard eller meir på ein gong.

Dersom me rekk meir enn Helseentervurderingar så blir det også sett meir på areal og moglege løysingar for skulbygging på Trøym sør.

Oddvar